

BOKN BYGDABLAD

NR. 6 - JUNI/JULI 1995 - ÅRG. 10

UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE

CELEBERT BESØK PÅ SJØHUSET **STEINAR ALVESTAD HADDE DEN VIETNAMESISKE** **REGJERINGA TIL LUNSJ**


Laurdag den 3.juni klappa ein skyssbåt med omtrent 60 gjester til kai i Alvestadkroken. Det var Statoil som hadde den vietnamesiske regjeringa på besøk som fann at Steinar sitt sjøhus var ein passande stad å innta lunsj kl. 12.00 på føremiddagen.

På menyen sto spesialitetar av fisk og skaldyr tillaga i Bokn: nykokte reker, røykt laks, gravlaks, varmrøykt ål m.v.

Veret var bra, og lunsjen smaka svært godt. Dei var visst godt nøgde, både Statoil og vietnamesarane.

GOD SESONG

Ingebjørg Alvestad seier at dei har hatt ein relativt god sesong i selskapslokala til nå. Når ein tar omsyn til at dei ikkje har marknadsført seg på annan måte enn omtale i avisene, synes dei det har vore nokså mange arrangement denne sesongen. Det synes å bli mindre aktivitet midt i sommarferien, men dei har alt fått ein del bestillingar etter at fellesferien er over. Folk gir uttrykk for at dei trives i sjøhuset.



Når det gjeld dei to ferieleilighetene dei har i sjøhuset, har dei ikkje vore ferdige før nå, men dei har alt hatt nokre gjester i dei. Dei reknar med at desse må averterast noko meir for å få dei utleigde.

SOMMARMARKNAD 8.JULI

Laurdag den 8.juli blir det igjen den årlege sommarmarknaden hos Steinar Alvestad. Og i år blir det i alle fall greiare forhold i og med at selskapslokala står klar med toalett og det som trengs for at folk skal kunna få seg både kaffi og mat i nyrestaurerte lokale. Som tidlegare år blir det torgsal, demonstrasjonar, spennande musikkinnslag m.v.

STORT SLEKTSSTEMNE DEN 23.JULI

Ingebrigt Olsson, fødd i 1670, kom frå Grødem i Strand til Are på Bokn.

Laila Vinje som bur i Moss er ei av etterkomarane etter han, og nå 325 år etter hans fødsel har ho saman med ektefellen Tor Vinje tatt initiativ til stort slektsstemne i Bokn søndag den 23. juli. Dei har hatt kontakt med bygdabladet over telefon, og håpar at dei opplysningane dei kan gi, kan føra til at folk i Bokn kan ta kontakt med dei på slektsstemnet for å gi dei opplysningar om slekta som dei ikkje kjenner til.

Oldefar til Laila Vinje heitte Lars Jørgen Ingebrigtsen. Han traff kona si i Fredrikstad, og gifte seg der i 1869.

Ekteparet Vinje fatta for ein del år sidan interesse for Laila si slekt, og har vore her i distriktet i to år for å finna meir ut om dette. Her har dei hatt god hjelp m.a. av Haugesund bibliotek. Dei har og vore på Bokn og hatt samtaler med m.a. Liv Vatnaland som er av same slekta, og andre som kunne gi dei opplysningar. P.g.a. at prestegarden brann i 1840-åra har det vore vanskeleg å kartlegga slekta. Men garden har gått frå far til son heilt tilbake frå 1670.

I 1734 døydde Olsson på Arsgarden. Då var det to gutar som arva. Den eine fekk heimagarden og den andre fekk halvparten av Laupland. Vinje har høyrte at den del av slekta som hadde gard på Laupland har selt og flytta til Alvestad, men dei veit ikkje kven det er. Kan nokon hjelpe?

Lars Jørgen Ingebrigtsen, oldefar til Laila, hadde ein bestefar som heitte Østen Ingebrigtsen. Han hadde fleire søsken, m.a. Daniel. Frå denne Daniel stammar ein som heiter Tor Erland som bur i Tysvær. Han vil koma på stemnet. Daniel hadde 3 søsken til som ein ikkje kjenner noko til. Er det nokon som kan koma med opplysningar om desse? Namna deira var Jørgen f. 1783, Åse, f. 1788 og Engelbrect, f. 1792.

Dei som les dette - og vil bidra med opplysningar om slekta - er alle velkomne til slektsstemnet som startar i Bokn kyrkje den 23. juli kl. 11.00. Etterpå held det fram på Bokn skule. Dei reknar med 2 - 3 hundre deltakarar. Folk kan også gjerne ta kontakt med Laila Vinje, Posthornet 9, 1519 Moss, ev. tlf. 69 27 57 01 dersom dei har opplysningar.

FULLT I TRYGDELEILIGHETENE

Dei 6 trygdeleilighetene nord for Boknatun er fordelt, og ein søkjar måtte avvisast. Leilighetene skal vera innflyttingsklare frå august.

SJUKESTOVA FERDIG

Bokn sjukestove er også ferdig utbygd, og det står nå berre att møblering, montering av minikjøken, opphenging av gardiner og andre småting før det kan takast i bruk.

SØKNAD OM SKJENKELØYVE TIL ARSVÅGEN

Finn Erik Drange har søkt om skjenkeløyve for øl og vin til slutta selskap i dei nyinnreda selskapslokala i 2. etasje ved Arsvågen Ferjeterminal. Lokala er snart ferdige til bruk, men Drange seier at han ikkje vil ta dei i bruk før han ser om han får skjenkeløyve. Frå før er det berre Steinar Alvestad som har slikt skjenkeløyve i Bokn. Søknaden er for kort tid sidan komen til kommunen som har vidare sendt han til politiet til uttale. Det vil såleis ikkje kunna koma opp i dei kommunale organa før etter ferien i august.

SENTRAL PLASSERING

Finn Erik Drange opplyser at selskapslokalet har plass til ca. 80 gjester. I tillegg har han eit ekstra møterom med diverse utstyr til ca. 20 personar. Toalett og kjøkken er også i ferd med å bli ferdig. Han vil nå få betre mulighet til å driva catering. Selskapslokala vil passa godt både til møteverksemd og til ulike selskapsarrangement som bryllaup, fødselsdagar, julebord m.v. Det er tanken at 2. etasje også kan haldast

ope i høgsesongen i sommarsesongen, påske, pinse m.v. Arsvågen ligg også sentralt til med tanke på møter, konferansar o.l. i fylket som skal haldast på ein stad som er lett tilgjengeleg både frå sør- og nordsida av Boknafjorden. Elles seier Finn Erik Drange at det vil bli møblert med tanke på at det skal arrangerast selskap i lokala. Inngangen til lokala er ei trapp og rampe frå austsida av bygget.

FRÅ Ø TIL 2

Tidlegare fans det ikkje godt eigna større lokale i Bokn utanom skulen og Boknatun kor folk kunne ha selskap av litt større omfang. Når Finn Drange opnar vil det bli to. Sjølv om Sjøhuset til Steinar Alvestad og Arsvågen blir nokså ulike når det gjeld type lokale og miljø omkring, kan dei nok til ein viss grad måtta belaga seg på å konkurrera i den same marknaden. Dei har begge sine fortrinn, sjøhuset med eit unikt miljø inne og ute, Arsvågen med eit meir moderne tilsnitt med lett tilgjenge frå distriktet og plass til fleire personar.

INNBROT PÅ HANDELSLAGET

TO MENN I BÅT TATT DÅ MOTOREN IKKJE VILLE STARTA

Natt til 21. juni gjekk alarmen i Bokn Handelslag. Då styraren pluss andre kom på plass, var innbrotstjuane kome seg ombord i ein småbåt. Dei hadde imidlertid ikkje fått motoren til å starta, så politiet kunne berre gå rett ombord og ta dei med seg i bilen då

dei kom ei stund etterpå. Mennene hadde også gjort innbrot i Bokn Plast kor dei hadde romstert mykje, og tatt ein privat verktøykasse. Denne sto på bryggja ved båten, så dei var ikkje vanskelege å finna fram til. Mennene var frå Karmøy og Tysvær.



BOKN KOMMUNE

KULTURKONTORET

4290 BOKN

TLF 52 74 85 00

FAX 52 74 86 77

BOKN DISKOTEK ER AVVIKLET

I rundt 20 år har Bokn Diskotek vært i drift, og det er ingen kjekk oppgave for meg å meddele at Bokn Diskotek er offisielt avviklet på ubestemt tid.

Det var tidligere i vår at vi i styret vedtok å trappe ned driften av Bokn Diskotek. Dette skyldes først og fremst at vi måtte prioritere mellom driften av Bokn Diskotek og våre egne jobber, men også dels fordi vi mistet vår egen aldersgruppe over 18 år.

Etter å ha vært med i styret i 5 år, har jeg sett utviklingen av det ungdomsmiljøet som har vært på Bokn Diskotek. Jeg vil si at forskjellene er enormt store, og kan deles opp i 3 epoker.

Først den opprinnelige epoken som var før fastlandsforbindelsen, hvor der var veldig godt samhold og lite forandringer på Bokn Diskotek.

Deretter en epoke hvor ungdommer strømte både til og fra Bokn, og hvor vi i Bokn Diskotek hadde veldig svingninger på våre arrangement. Det var denne tiden som var mest spennende, og helt opplagt den mest revolusjonerende og lønnsomme. Hele lokalene ble forandret, standarden ble hevet på den tekniske siden, og sist men ikke minst, selve driften ble tatt mye mer seriøst. Men

vi skal heller ikke glemme at vi hadde tre innbrudd og en brann under denne perioden. Det er nå blitt installert alarmsystem.

Den siste epoken er gjeldene fra årskiftet. Ungdom over 18 år er mettet av våre arrangement, og de som kom til diskoteket var mellom 15 og 18 år.

Mange vil helt sikkert savne våre arrangement, og flere vil nok huske våre tilstelninger. Våre sommerlige danser på Plattingen med svære bål, vår dans med Leif & Kompisane, våre danser med Synth & Le og andre band, vår storskjerm under fotball-VM, våre faste arrangement hver skjærtorsdag, 2. juledag og nyttårsaften og for å ikke glemme alle andre festlige lørdager.

Til slutt vil jeg takke alle som har vært med i styret opp i gjennom årene, Bokn Kommune, fritidsledere, og alle andre lokale krefter som har innvirket.

Med vennlig hilsen Bjørn Jøsang.

På vegne av kommunen vil kulturkontoret seia seg leie for denne avgjerda. Styret i Bokn Diskotek gjekk tidleg i vår m.a. ut med



BOKN KOMMUNE

KULTURKONTORET

4290 BOKN

TLF 52 74 85 00

FAX 52 74 86 77

oppfordring til ungdom om å melda seg som styremedlemmer, særleg ungdom over 18 år, utan å få respons. Bokn Diskotek leverer i desse dagar sluttrekneskap til kommunen, og eit flott tilbod til ungdom over 15 år er nå forsvunne på ubestemt tid.

Bokn Diskotek har også dei siste åra laga til store, suksessrike arrangement på skulen som også vaksne har hatt stor glede av. Desse tilstelningane på skulen har vore prega av at diskotekstyret ikkje har vore redde for å satsa på kvalitetsband, noko som sjølvsagt krev god PR og godt publikumsbesøk. Resultata har vore glimrande med god økonomisk gevinst. Diskotekstyret, med Bjørn Jøsang som hovudansvarleg og planleggjar i spissen, har her gjort ein kjempejobb!

Ein kan spørja seg om kvifor styret i Bokn Diskotek valgte å avvikla drifta. Stikkord som fastlands-samband, utbrenthet, oppgitthet og prioritering skulle vera ganske relevante. Det viktigaste no er likevel å sjå framover og sørgja for at drifta kjem tilbake igjen. Petra Fritidsklubb, som nyttar lokala i Kyrkjebygd skule og driv godt, står sentralt i dette prosjektet. Det er å håpa at det kjem eit ungdomskull derifrå som på sikt har den erfaring som skal til for å starta Bokn diskotek igjen. Etter all sannsynlighet blir også tilbodet til ungdommen utvida frå hausten i regi av Petra Fritidsklubb.

Bokn kulturkontor vil takka noverande og tidlegare styremedlemmer i Bokn Diskotek for innsatsen for eit godt ungdomsmiljø i Bokn!

KULTURPRISEN 1995 TIL MÅLFRID KRO TROSNVÅG

Bokn kulturstyre vedtok i møte 8.6 å gi kulturprisen 1995 til Målfrid Kro Trosnavåg. Alle dei 5 innkomne forslaga til prisen var på same person! Utdelinga av kulturprisen skjer på Lucia-festen 10. desember. Første gong Bokn kommune delte ut denne prisen var i 1993, og han gjekk då til Eivind Øvrebø.

Målfrid Kro Trosnavåg får prisen for sitt sterke engasjement som kulturformidlar og kulturvernar i Bokn kommune gjennom ei årrekke. Ho er i dag m.a. eit levande

oppslagsverk som både sambygdingar, skule og turistar har stor glede av, og den store lokal-kunnskapen blir formidla på ein slik entusiastisk måte at mottakarane aldri gløymer det.

Kulturprisvinnaren er som oftast til stades på kulturarrangement der unge står for underhaldninga, og gjennom varme ord og smil er ho ein framifrå inspirasjonsfigur. Med å vera opptatt av å gi dei unge opplæring i å laga ting på tradisjonell måte, er Målfrid Kro Trosnavåg ein nøkkelperson i å knyta saman gamal og ny tid.



BOKN KOMMUNE

KULTURKONTORET

4290 BOKN

TLF 52 74 85 00

FAX 52 74 86 77

1995 ER FRILUFTLIVETS ÅR

I anledning at det er friluftslivets år i 1995 arrangerer Nord-Rogaland og Sunnhordland Friluftsråd felles fotturar i regionen i august og september. Bokn kommune er medlem av dette friluftsrådet, som m.a. forvaltar Ognahabn.

Av lokale friluftssarr. til hausten kan nemnast at Bokn hagelag har turar til Stvg. botaniske hage og Sandvika medan Speidarane set opp speidarbål i FRILUFTS-VEKA - veke 37. Sjå kommande kulturkalender for oversikt.

Friluftsrådet inviterer deg med på felles fotturer i regionen.

3. august Tyssealand - Roaldkvam


5 1/2 timers fottur, passer for familier. Buss fra Vikedal kl. 10.00, start fottur kl. 11.00. Tilbake i Vikedal kl. 17.00. Ta med mat for en rast. Pris kr. 40 for barn, kr. 70 for voksne, inkluderer busstransport.

Påmelding innen 2. august kl. 12.00 på tlf: 52 77 58 74.

2. september Slettedalen - Seljestad

8 timers fottur, bør være trenet. Buss fra Dampskips-ekspedisjonen i Sauda kl. 09.00. Start fottur kl. 10.00. Middag på Seljestad kl. 18.00, tilbake i Sauda kl. 20.30. Ta med mat og drikke til 2-3 raster. Pris kr. 150 for barn, kr. 180 for voksne, inkluderer busstransport og middag.

Påmelding innen 1. september kl. 12.00 på tlf: 52 77 58 74.





BOKN KOMMUNE

KULTURKONTORET

4290 BOKN

TLF 52 74 85 00

FAX 52 74 86 77

BOKN BRASS + BOKN SKULEKORPS = BOKN MUSIKKORPS

Etter at korpsa i kommunen dei siste åra har hatt problem med å halda seg på beina musikalsk, hadde styremedlemmene felles styremøte om samanslåing av korpsa på slutten av skuleåret. Der blei det drøfta ein del moment vedr. samanslåing, og styrene kom fram til ein del punkter som blei lagt fram for samtlege korpsmedlemmer for avrøysting. Og saken er klar: både musikantar og styremedlemmer er samde i samanslåing av korpsa.

Haustralvåret 1995 blir ein prøveperiode, og korpsa må på ekstraordinært årsmøte i løpet av semesteret avgjera samanslåing eller ikkje. Dersom årsmøta går inn for dette vil Bokn musikkorps bli stifta

1.1.96, og namna Bokn Brass og Bokn skulekorps ikkje eksistera meir.

Boknarar flest vil ikkje merka noko særleg forskjell då korpsa dei siste 9 åra stort sett har opptrådt saman på store arrangement som m.a. 17. mai, Boknafestival, bruopning og kongebesøk. Ein vil svært gjerne ha eit korps i kommunen som fungerer på ein tilfredsstillande måte, og alle ting tyder på at Bokn musikkorps vil gjera dette. Også på arrangementssida vil ikkje ei samanslåing føra til forandringar. Ein ser tvert imot muligheter for fleire arrangement i regi av korpsa, m.a. arr. der det musikalske står i sentrum. Ellers vil dei faste kulturarr. framover gå av stabelen på vanleg måte.

Jardar Havikbotn

- kulturleiar -

KR. 26.000 KOM INN PÅ SANITETSBASAREN

Det var den 7.juni at Bokn sanitetsforening hadde basar på Bokn skule med mykje fint til å lodda ut. Det var likevel ein viss nedgang frå i fjor på inntektene av basaren. Då kom det inn kr. 8.000 meir enn i år. Det var også noko mindre folk i år. Likevel er det eit bra resultat. Dei innkomne pengane skal gå til utstyr ved Bokn sjukestove.

FUNKSJONÆRLØP

Søndag den 9. juli kl. 15.00 blir det såkalla **funksjonærløp** for dei som ikkje kan delta i 4-bruersløpet/marsjen den 25.juni. Også folk som manglar eit løp frå tidlegare løp kan bli med og ta det nå. Møt opp ved Bokn skule.

FOLKEBIBLIOTEK



GJER ET BOKKUPP!

**BIBLIOTEKET VIL HA SALG
AV BØKER PÅ SOMMARMARKNADEN
I KROJEN 8. JULI**

**BIBLIOTEKET ER STENGT
I TIDA 10.07. - 07.08**

GOD SOMMAR!



PROSJEKT I SAMBAND MED BYGDEBOKARBEIDET

Bokn kommunestyre har vedtatt at det skal løyvast kr. 85.000,- ekstra av bygdebokfondet til eit prosjektarbeid i samband med gards- og slektsogearbeidet. Arbeidet skal utførast på 400 timar med ein kostnad på kr. 60.000,-. I tillegg skal det kjøpast inn PC og programvare for kr. 25.000,-

Ved behandlinga av saka i kommunestyret kom det eit spørsmål om prosjektarbeidet kan utførast av ekstra sysselsette. Dette vart det svarta positivt på, og utgiftene kan dermed reduserast med kr. 60.000,-.

Arbeidet er i hovudsak eit registreringsarbeid av fotokopier og innføring av data i samband med dette. Det vil gi kommunen ei god og systematisk oversikt over det biletmaterialet ein til nå har samla inn, og ev. kva ein manglar. Det vil vera til svært god hjelp under skrivinga av bygdebok..

SLEKTERS GANG

FØDDE:

11.01.95: Randi H. Nilssen og
Helge Kristian Nilssen:
Kristian
14.02.95: Åse Bratthammer og Bernhard
Våge: Andreas

DØDE:

02.02.95: Jens J. Are
27.03.95: Anna Sæbø
04.05.95: Gunda Thuestad
30.05.95: Knut Gunnarstad

MINNEORD

Knut Gunnarstad er død, 73 år gamal. Knut Gunnarstad var son til Sara og Osmund Gunnarstad som hadde 8 barn, 5 jenter og 3 gutar. Knut var nr. 4 av søskenflokket. Av søsken er det berre ei som bur i Bokn.

Knut vaks opp på Gunnarstad. Av gutane var han eldst, og overtok garden. I 1957 vart han gift med Minny, f. Øvrebø, og dei busette seg på garden på Gunnarstad. Seinare bygde dei seg hus. Dei fekk 3 barn, og seinare 6 barnebarn.

Knut dreiv garden på Gunnarstad i tillegg til at han var med som mannskap på fiske. Han dreiv også fiske frå eigen båt, m.a. hummarfiske. Han arbeidde også i 8 år på natrutra, og i 18 år på Bokn Plast.

Knut Gunnarstad var ein mann med roleg vesen som ikkje stakk seg fram. Han var gild å snakka med. Han hadde særleg god kontakt med barnebarna sine.

Av nær familie lever ektefelle, barn, svigerbarn og barnebarn etter han. Også alle søskena lever att.

LEGEKONTORET FÅR DATAUTSTYR

Kommunestyret har løyvd kr. 55.000,- til innkjøp av datautstyr til legekantoret. Saka har vore oppe til drøfting fleire gonger tidlegare, også i budsjettssamanheng, men det har tidlegare ikkje vore prioritert.

I og med at Bokn har ein avtale om helsetenester med Tysvær, har dei to kommunane ein av legane felles. Dessutan er det felles legevakt. Det har vore forutsetninga at Bokn skulle ha tilsvarande utstyr på legekantoret som legane har i Tysvær. Der har ein nå ei tid hatt datautstyr som er i full bruk på legekantora. Det er ikkje lenger mange legekantora som ikkje har tatt datautstyr i bruk. Dette vert m.a. innført for å sikra kvaliteten på tenestene.

FJORDHESTLAGET HADDE STEVNE I PINSEN

Njård Fjordhestlag, Haugalandet, arrangerte pinsestevne på Sandbekken 3. - 5.juni -95. 50 personer og 15 hester deltok, og det var fullt både i hytter og hus. Norsk-amerikanere som kom for å besøke Cleng Peerson-huset, glemte seg helt bort - og snakket bare om «wonderful fjordhorses»!!!

Slik ble resultatene i konkurransen:

KJØREKONKURRANSE **HINDERKJØRING**

- Nr. 1 Erik Eikje/Bjulin
- « 2 Jan Are/Silvana
- « 3 Torodd Jøssang/Linda
- « 4 Kaia Bratthammer/Frida
- « 5 Norleif Fjellheim/Silvana

- « 6 Ole Bertil Grinde/Bjulin
- « 7 Ellen Inger Tollefsen/Bjulin
- « 8 Tore Jan Pedersen/Tålly
(av 16 startende)

GYMKHANA

- Nr.1 Birgitte Broshaug/Spinella 2.37
- « 2 Ellen Inger Tollefsen/Frida 2.40
- « 3 Erik Eikje/Bjulin 2.49
- « 4 Tina Borrowman/Karina 2.57
- « 5 Tore Jan Pedersen/Tålly 3.15
- « 6 Torodd Jøssang/Linda 3.19

(av 20 startende)

Njård fjordhestlag

60% MØTTE TIL HJARTE/KAR-UNDERSØKING

Av over 600 innkalla personar i Bokn var det altså berre ca. 60% som møtte til den store hjarte/kar-undersøkinga som Statens helseundersøkelser i samarbeid med Fylkeslegen og komnehelsetenesta hadde tidlegare i vår. Undersøkinga var ei oppfylgjing av ei liknande undersøking for nokre år sidan. Utanom kolesterolinnhald i blodet vart m.a. blodtrykk og sukker målt.

Kommunelege I i Bokn - Lasse Inberg seier at dei som har vore til undersøking har fått tilbakemelding om korleis tilstanden er, med råd om kva dei bør gjera dersom det er nødvendig endring av kostvanar eller andre ting. Ca. 10 % av dei undersøkte vil bli innkalla til etterkontroll. Ein del har alt har vore til etterkontroll, men desse kontrollane har ikkje vist alvorlege forhold.

REDUSERT TILBOD FRÅ TANNHELSETENESTA

Rogaland Fylkesting vedtok den 13.juni å gå til innsparingar i budsjettet for 1995 som vil gå ut over visse grupper som tidlegare har hatt rimelege behandlingstilbod i den fylkeskommunale tannhelsetenesta. Dei som nå misser desse tilboda nå er 19- og 20- åringane, pasientar som har tilsyn av heimesjukepleiar minst 3 gonger pr. veke, personar på aldersheim, og eldre/uføre i sjukeheimar m.v. i opphald lengre

enn 3 mnd.

Mange av desse må nå betala tannlegerekninga sjølv heilt ut i den fylkeskommunale tannhelsetenesta. Når det t.d. gjeld dei som er i kommunal institusjon, vil kommunen måtta dekkja utgiftene. Dersom det er akuttbehandling, vil fylkeskommunen framleis dekkja utgiftene. Akuttbehandling for ungdom i gruppa 19-20 år vil også fylket dekkja.

FLAGGRUTA TILBAKE

Flaggruta tar opp att anløpet av Føresvik og beklagar at dei gjekk for raskt fram då dei kutta ut anløpet tidlegare. Anløpet blei kutta ut før Samferdselsdepartementet hadde behandla ferdig Flaggruta sin søknad om å endra ruteopplegget. Før Samferdselsdepartementet gjer endeleg vedtak i saka, ventar dei på ein del opplysningar som skal vera med i grunnlaget for å ta avgjerd. I alle fall har framgangsmåten til Flaggruteselskapet ført til forvirring blant passasjerane.

FURUMØBLER:

PENT BRUKT LUTA
TV/VIDEO-BENK
M/2 SKUFFER SAMT
STOR STEREO-
BENK I LAKKA
FURU TIL SALGS.

KONTAKT

JARDAR/WENCHE,
52 74 84 02

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune.

4290 Bokn, tlf. 52 74 85 00

fax 52 74 86 90

Postgirokonto 0806 5 68 45 01

Bankgirokonto 3373 07 00305

BYGDABLADNEMND:

Ingunn Våge, Arvid K. Jøsang,

Liv Vatnaland

REDAKTØR: Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn

Utanbygds: kr. 100,- pr. år

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 400,-

Halv side: kr. 150,-

¼ side: kr. 75,- 1/8 side: kr. 50,-

Små privatannonser: KR. 10,-

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd. 10 nr. årlig.

ARRANGEMENT:

08.Juli: Sommarmarknad på kai og sjøhus i Alvestadkroken

Kl.15.00 - kl. 18.00 kvar søndag er det ope i Bokn bygdemuseum !

LENSMANN
*Første fredag i kvar mnd.
kl. 10 - 12 i Boknatun*

LANDBRUKSKONTORET
Kvar fredag kontordag i Boknatun

FOTPLEIE
*Onsdag den 9.august.
Påmelding til sosialkontoret i
tlf. 52 74 85 00*

BJØRK I FAVN OG SEKK
BLANDINGSVED I SEKK

*Til salgs tilkjørt
Kan også bestillast nå for
utkjøring i haust*

Henv. Dag Atle - tlf. 52 74 86 03



02.07: kl.11.Gudsteneste v/Helge Gaard.

23.07: kl.19.Gudsteneste v/Arne Aurdal.

13.08: kl.11.Gudsteneste v/Arne Aurdal.

Kommunelege Lasse Inberg har ferie frå 26.juni - 14. juli. I denne perioden vil dr. Per Christensen som tidlegare har arbeidd i Bokn vikariera og ha kontordag for pasientar på torsdagar. Datoane blir 29.juni, 6.juli og 13.juli.

Bokn sosialkontor

DISTRIKTSTANNKLINIKKEN
Ferielukking

*uke 28 -29 - 30- henv. Tysvær -
tlf. 52 77 55 75*

Helsestasjonen er stengd i veke 26 og 27.

God sommar - helsing Eva